



Torfinn Myklebust – truleg leiar av Forvaltningskomiteen.

Uskedelingen Torfinn Myklebust, som klatra frå sjuttande- og fjerdeplassen for sitt nye parti Innbyggjarpartiet, får ikkje berre eit politisk come-back som representant for partiet. Han får truleg også eit nøkkelverv i den kabal som no er i ferd med å bli lagt av fleirtalskoalisjonen, melder Kvinnheringen. Det er vervet som leiar av den viktige Forvaltningskomiteen.

I formannskapet blir Innbyggjarpartiet representert av Einar Saghaug. Senterpartiet får to i formannskapet – Knut Prestnes og Gunnar Våge. Arbeidarpartiet får ein (Synnøve Solbakken) og Venstre ein (Synnøve Handeland). Arbeidarpartiets Lars Magnar Bjelland skal bli styreleiar i Kvinnherad Energi.

Når det gjeld opposisjonspartia knytter det seg ikkje minst spenning til kven som Høgre vil satsa på i formannskapet – ordførarkandidat Arne Havnerås frå Rosendal eller partileiar Gunn Mari Moberg frå Uskedalen. Dei to var begge kumulerte, men ho gjorde eit betre val og gjekk forbi Havnerås. Etter kva uskedalen.no høyrer vil saka ikkje bli avgjort før tirsdag, då Høgre skal ha gruppemøte.

Av Ola Matti Mathisen